


MILJØDETEKTIVDAG

16. NOVEMBER - KLEPP KYRKJE



Hei du som går på 2. trinn!

Bli med på miljødetektivdag når skulen har planleggingsdag den 16. november.

Saman skal vi utforske litt av den jorda Gud har skapt og lære meir om korleis vi kan ta vare på ho.

I løpet av dagen skal vi gjer mykje gøy. Blant anna skal vi gå på tur, laga noko fint og eta bollar og drikka kakao. Dessutan skal vi øva på litt på det som vi skal visa fram til foreldra når dei kjem for å henta deg.

Så vis lappen til dei vaksne, og be dei melda deg på.

Helsing oss i kyrkja!

TIL FORELDRE/FØRESETTE

Kva er miljødetektivdagen?

Miljødetektivdagen er eit trusopplæringstiltak vi startar opp for to år siden. Tiltaket er for 2. trinn og er på dagtid fredag 16. november. Opplegget varer heile dagen, og er eit alternativ når skule og SFO er stengd på planleggingsdagen. Borna skal få høyra om Gud som skapar, og korleis me kan ta vare på jordkloden vår.

Tidspunkt

Borna kan leverast frå klokka 07:30 fram til vi startar sjølve opplegget klokka 09:00.

Dei borna som ønskjer det, kan ha med matpakke til frukost.

Opplegget varar frå 09:00-15:30

Klokka 15:30 inviterer vi alle foreldra til avslutningssamling kor me fortel og visar litt av kva me har gjort i løpet av dagen.

Dette skjer

Fram til klokka 09:00 legg vi opp til frileik og litt ulikt å pusla med fram til alle er komne.

Klokka 09:00 skal vi ha ei fellessamling før dei skal ha ulike grupper med fokus på miljøvern og borna skal få laga noko fint av ting som elles hadde blitt kasta. Seinare på dagen skal vi ut på tur. Vi legg også opp til «friminutt» med frileik innimellom. Dessutan skal vi øva på det vi skal visa på slutten av dagen når de som foreldre kjem.

Pris

Det kostar 50 kroner per barn, dette betales ved levering. Enten med kontantar eller VIPPS.

Pakkeliste

Matpakke til tur + eventuell matpakke til frukost.

Klede til å gå på tur i - kle barnet etter veret, vi skal vere ute i cirka to timar.

Ryggsekk

Sittjeunderlag

Sokke- og bukseskiift.

Kan du bidra?

Om du har moglegheit til å bidra når vi skal ha hobbyaktiviteter (09:30-11:30), eller når vi skal ut på tur (11:00-14:00), eller i slutten av dagen (14:00-15:30) så ber vi deg kryssa av på dette når du meldar på. Under desse delane av dagen er det godt å ha mange hender og føtter som kan bidra.

Påmelding

på: www.kleppkyrkje.no innen fredag 9.november 2018.

Lurer du på noko?

Ta kontakt med barne- og familieprest Leif Inge Norland Brekke
51789552 / leif.inge.brekke@klepp-kirken.no